

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Videomøt 998290
MØTETIDSPUNKT: 10.06.2021, kl. 15.30 – 17.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Ragnhild Winum	Medlem
Siri Bergsholm Bjørhovde	Medlem
Hilde Fossmark Helvig	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Eivind Hansen deltok i møte frå sak 14/21.

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerande direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

Administrerende direktør Ole Jørgen Kirkeluten, Helse Vest IKT innleia møtet med ei fagleg orientering om IKT informasjonssikkerheit og IKT sikkerheitsstruktur i Helse Vest og Helse Vest IKT. Ole Jørgen Kirkeluten forlet møtet då ordinær agenda starta opp (sak 11/21).

OPEN DEL

Sak 11/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Deltakarar deltok på videosamband på oppsett videomøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

Sak 12/21 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 17.03.2021

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 17.03.2021

Sak 13/21 Administrerende direktør si orientering, pkt. 1-2 vart behandla under lukka del

Oppsummering

3. Utviklingsplan for Sjukehusapoteket i Bergen
4. Kommunikasjons- og marknadsarbeid i Sjukehusapoteka Vest HF

Adm.direktør orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 14/21 Årleg gjennomgang av styrande dokument i Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta. Styret vil få ettersendt nye regionale retningslinjer for risikostyring i Helse Vest når desse ligg føre.

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- *Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF*
- *Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»*
- *Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel*
- *Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF*
- *Instruks for administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest HF*
- *SAV Styringsmodell*
- *Styrande dokument til Fullmaktsmatrise*
- *Fullmaktsmatrise*
- *Arkivplan for Sjukehusapoteka Vest HF*
- *Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest*
- *Konsept for internkontroll i Helse Vest*

Sak 15/21 Status på teknologiområdet i Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Teknologiområdet i SAV omfattar i hovedsak innføring av nye IKT system, nye tekniske installasjonar samt regionale sytem for kommunikasjon og samhandling.

Sentrale drivarar for utviklinga er innføring av nye regionale og lokale IKT-system, krav til standardisering, kvalitetssikring og effektivitet samt nye tenester levert frå apoteka. SAV samarbeider og med dei andre sjukehusapotekføretaka (og apotekbransjen) om utvikling av nye apoteksystem, anskaffing av MTU og forvaltning av nye løysingar, der nye nasjonale system krev nasjonale forvaltingsmodellar. Nye løysingar krev og auka merksemd på informasjonssikkerheit som er ein av topp fem risiko i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka om status på teknologiområdet i Sjukehusapoteka Vest HF til vitande.

Sak 18/21 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp under Eventuelt.

Skriv og meldingar

- SAV i 2020

- Brev av 12.04.2021 frå Helse Vest til Sjukehusapoteka Vest om ekstra midlar for arbeid med vaksinasjon mot Covid-19
- Brev av 09.03.2021 frå Helse Vest til HOD m/vedlegg om Oppfølging og rapportering på digital sikkerhet

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter jf. Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a (2) nr. 4

Sak 13/21 Administrerende direktør si orientering, pkt. 1-2

Oppsummering

1. Oppfølging etter hending i PRO SIB
2. B-180 Nasjonalt legemiddelberedskapslager - vidare prosjekt

Adm.direktør orienterte og svarte på spørsmål.

Pkt. 1: Styret ber om å bli informert når ny viktig informasjon i saka kjem, herunder viktig informasjon i saka som blir formidla internt i SAV (intranettsider).

Pkt. 2: Styret vil gje særleg ros til Sjukehusapoteka Vest HF for det gode arbeidet føretaket har lagt ned i prosjektet B-180 Nasjonalt legemiddelberedskapslager, og understrekar at styret støttar at Helse Vest ynskjer å påta seg ei permanent rolle i arbeidet med oppbygging og forvaltning av legemiddelberedskapslager.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 16/21 Verksemdsrapport per april 2021

Oppsummering

Rapporten er lagt fram for styret. Innanfor HR har styreleiar særleg merka seg arbeidet som er gjort med gjennomførte medarbeidarsamtalar. Styret ønskjer også ved høve å få seg førelagt informasjon om korleis situasjonen er i SAV vedrørande turnover og kompetansesamansetjing.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per april 2021 til vitande.

Sak 17/21 Økonomisk langtidsplan 2022-2026 for Sjukehusapoteka Vest HF
Oppsummering

Arbeidet med økonomisk langtidsplan har, i tillegg til framskriving av drifta, lagt vekt på behov for investeringar og utviklingsprosjekt samt finansiering av desse. Covid-19 pandemien påverkar aktiviteten i SAV. ØLP legg til grunn at aktivten i sjukehusa og kundestraum i publikum nærast er normalisert ved inngangen til 2022. Planen peikar ut retning for utvikling som understøttar Helse 2035 og Strategiplan for SAV.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek økonomisk langtidsplan 2022 – 2026 for Sjukehusapoteka Vest HF.

Styret sitt kvarter.